

Protokoll
Regionrådet Nordhordland – fredag 14. september 2018

Møte: 5-2018
Tid: Fredag 14. september kl. 09:00 - 14:30
Stad: Nordhordland Næringshage, Mastrevik / Kilstraumen Brygge

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Per Lerøy, Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Jarle Skeidsvoll, Tom Kristian Thorsen, Jostein Borlaug (for Jon Askeland), Nils Marton Aadland (for Øyvind Oddekalv)
Rådmenn:	Jarle Landås, Jo Bjarte Tømmerbakke, Jan Olav Osen, Nils Moldøyen
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Sak 37/18: Helene Ødven og Nicolas Rodriguez frå Bergen og Hordaland Turlag Sak 40/18: Petter Thornam og Alf Olav Haukelid frå Haraldsplass DS.
Forfall:	Astrid Aarhus Byrknes, Øyvind Oddekalv, Jon Askeland, Ørjan Raknes Forthun, Reidun Halland, Martin W. Kulild, Ingvild Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen

Regionrådet starta dagen (09:00-10:00) med eit besøk til Nordhordland Næringshage AS der dagleg leiar Kate Berntsen presenterte kva næringshagen jobbar med.

Sak 35/18	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 36/18	Godkjenning protokoll møte 4-2018 Møteprotokoll frå møte 4-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 37/18	Nasjonal ramme for vindkraft på land og friluftslivsinteresser i Stølsheimen. Helene Ødven og Nicolas Rodriguez, Bergen og Hordaland Turlag (BHT) orienterte om turlaget sitt syn på plan for vindkraft som er lagt fram for Nordhordland og spesielt i og rundt Stølsheimen. BHT har 30000 medlemmer og reknar 51 årsverk i ulønna frivillighet. Nordhordland er største lokallaget. BHT ønskjer å meina noko om denne planen / kartlegging, då det er innafør deira verksemds-område. Turlaget meiner at kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt og at det seier lite og om andre verdiar ein finn i dette viktige friluftsområdet. BHT meiner at heile prosessen lir av demokratisk underskott, då det er lagt opp til lite lokal medverknad. BHT ønskjer velkomen fornybar energi, men meiner det finnest andre teknologiar som er betre og som vil gje mindre miljøbelastning. Dei ønskjer at alle kommunane handsamar dette grundig politisk, og at det er viktig å koma med innspel no, og ikkje venta til seinare. Når denne planen er på plass, vil den gå foran fylkes- og kommunale planer. Deretter dialog og spørsmål. Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.

Sak 38/18	<p>Austrheim vidaregåande skule – planlegging av framtidens skule.</p> <p>Per Lerøy orienterte om vedtak i Austrheim kommunestyre 13. september om Austrheim vidaregåande skule (AGVS), og at han ønskte å få likelydande vedtak i nabokommunar og i Regionrådet. Lerøy viste til det gode arbeidet som vert gjort i regionen med vidaregåande opplæring og til vedtaka som er gjort av to fylkesting, og at det no er viktig at arbeidet med å realisera ei utbetring av AVGS vert framskunda. Austrheim kommunestyre har bedt om at det alt for budsjettåret 2019 vert sett av planleggingsmidlar til AVGS.</p> <p>Lerøy viste vidare til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ samarbeidsprosjektet mellom Næringslaget og Regionrådet som skal få fram kunnskapsgrunnlag om behov for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland fram til minst 2030. Prosjektet har engasjert UIB ved Grete Rusten til prosjektutføring. Rapport skal vera klar til våren. ▪ at Knarvik skal vera den store skulen innan studiespesialering + eit breitt tilbod elles ▪ at AVGS må tilpassast det lokale næringslivet og ha studiespesialisering + TIP, teknisk, bygg, helse og oppvekst ▪ prosjektet i regi av næringslaget som jobbar opp mot næringsliv og kommunar om at alle som fullfører yrkesfag, skal vera garantert læreplass • at Nordhordland må jobba aktivt for å behalde dei tre skulane, elevgrunlaget er stort nok <p>Nils Marton Aadland peika på at det er viktig at Regionrådet står samla bak AVGS. Ei stor utfordring framover er den store utvidinga som kjem i Åsane. Dersom AVGS skal bli større enn den er i dag, er det fare for at dette vert sett opp i mot Knarvik VGS. Ein bør derfor sjå på dei samla konsekvensane for Nordhordland. Han bad derfor om at saka vert sendt over til Regionrådet sitt Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling, for så å koma tilbake til Regionrådet. Regionrådet må så senda innspel til fylkeskommunen før den politiske handsaminga der startar.</p> <p>Lerøy støtta dette, det er viktig med ei samla tilbakemelding frå Regionrådet. Andre peika på at det vil vera større konsekvens for mange elevar dersom AVGS vert lagt ned enn om Knarvik VGS skulle miste nokre liner. T.d. er det mange fleire elevar som må flytta på hybel.</p> <p>Aadland meinte at utgangspunktet må vera å byggja ut begge desse skulane på ein best mogeleg måte til beste for Nordhordland.</p> <p>Vedtak: Regionrådet vedtok å senda saka til Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Regionrådet ber utvalet koma tilbake med ei sak til Regionrådsmøtet 26. oktober.</p>
Sak 39/18	<p>Kutt i ferjetilbod / buss- og ferjekorrespondanse</p> <p>Per Lerøy orienterte om administrative og politiske ting kring ferjeflåten. Det som no ligg i bordet om ferjetilbodet m.v. er innspel frå fylkesrådmannen via Skyss og ut til ferjeselskapa. Det føreligg inga politisk bestilling. Det er tverrpolitisk enigheit om å oppretthalda eit godt tilbod, og ein jobbar tverrpolitisk inn mot sentrale styresmakter.</p> <p>Bakgrunnen for det heile er at fylket ser store økonomiske utfordringar i økonomien framover, bl.a. med gamal flåte som må fornyast. Krava til mindre forureining gir liten auke i kostnader (3-5 %), det er fyrst og fremst behovet for fornying som gir auka kostnader.</p> <p>I dialogen rundt bordet kom bl.a. dette fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kutt i rutetilboda er å gå baklengs inn i framtida. Fensfjorden treng den frekvensen som er i dag ▪ Staten må ta større ansvar for finansiering av miljøløft. Det er vanskeleg å få støtte til ny teknologi frå staten tross festtalar ▪ Fedje har fått dårlegare tilbod, og er redd dette vil kunne gje effekt på utviklinga av folketal. Ferjetilbodet må fungera, ein godtar ikkje redusert tilbod ▪ Skyss vert av mange opplevd som arrogante og lite villige til å koma med løysingar

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Samarbeidet med Skyss er utfordrande og på langt nær optimalt. Korleis skal ein kunne stola på faktagrunnlaget? ▪ Det er manglande korrespondanse mellom ferjer og buss – og systemet med bøter Skyss har innført, er særst lite passande i distrikta. T.d. går bussar før ferjer kjem til lands ▪ Tidlegare var det årlege møte med Skyss der lokale forhold vart drøfta før dei vert iverksatt. Ein må få tilbake denne dialogen <p>Karstein Totland viste til kva omlegging av tilboda ved Knarvik VGS har fått å seia for mange elevar som har fått fleire timar å venta. Dette er ikkje bra, og er tatt opp med skulen utan foreløpig resultat, og vil bli jobba vidare med. Det må vera betre kontakt mellom vidaregåande skule, Skyss og kommunar når det gjeld endringar – og desse må varslast.</p> <p>Lerøy viste til at Utval for miljø og samferdsle har møte 10 gonger i året. Skyss er alltid til stades.</p> <p>Det er berre å koma med innspel til han, så kan han ta opp konkrete forhold i utvalet.</p> <p>Vedtak: Regionrådet vedtok å invitera Skyss til Regionrådet for å orientera om saker som ruteendringar m.v. Dette bør vera ein gong i året, eller når situasjonen tilseier det.</p>
Sak 40/18	<p>Haraldsplass Diakonale sjukehus og akuttfunksjon (vedlegg) Petter Thornam og Alf Olav Haukelid orienterte om nye Haraldsplass og Utviklingsplan for sjukehuset for 2018-2035.</p> <p>Haraldsplass DS er definert som regionsjukehus og er lokalsjukehus for 145 000 innbyggjarar, og vert no etter nybygget eit av dei mest moderne sjukehusa i Norge. Det har seinare tid vore auke i innleggingar, gjerne grunna at dei har hatt meir komplett tilbod. Ein vanleg dag kan det vera 50 innleggingar.</p> <p>I prosessen med oppgradering / nybygg, har sjukehuset tenkt heilheit rundt pasienten / totalpakke. I Utviklingsplan 2018 – 2035 har ein lagt vekt på demografiendringar og at det framover vil verta stor auke i akuttinnleggingar av eldre.</p> <p>Helse Bergen HF har i sin uttale til utviklingsplanen til Haraldsplass DS, peika på at dei har eit stort moderne akuttmottak som har kapasitet til å ta i mot fleire pasientar, og at det kunne vera best at alle pasientar kjem til ein plass / til eitt akutt mottak, og så fordeles. Dette meiner Haraldsplass DS er ein dårleg ide.</p> <p>I dag blir 95% av pasientane ferdigbehandla på Haraldsplass, og dei meiner at dei har vel så god kompetanse på akuttmottak som Helse Bergen. Skulle ein ha eitt akuttmottak så betyr det at 10000 ekstra pasientar må køyrast frå Haukeland til Haraldsplass.</p> <p>Haraldsplass har i dag ein passeleg storleik på akutt mottak, det er smidig, og dei har ein fin balanse med breidde i kompetanse, samstundes som ein har spisskompetanse. Dei meiner sjølv at kvaliteten på leveransen er god, og at utan akutt indremedisin kan det bli vanskeleg å driva heilheit. Legane skal vera gode generalister og dei har eit system der fastlegane kan ringa overlegane direkte.</p> <p>Deretter spørsmål og dialog.</p> <p>I dialogen kom det fram at medlemmene i Regionrådet er godt fornøyd med tenestene Haraldsplass DS leverer, og med den tette dialogen sjukehuset har med kommunane på administrativt nivå og ikkje minst mellom fastlegar og overlegane på sjukehuset. Ein merkar seg også at akutt funksjonen er viktig i forhold til behandlingssløpet vidare.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber NUI laga ei skriv som omhandlar akutttilbodet ved Haraldsplass og Helse Bergen HF sitt innhald i høyringsskrivet dei har til utviklingsplanen til Haraldsplass 2018-30.</p>

Sak 42/18	<p>Faste orienteringssaker:</p> <p>Status Region Nordhordland Helsehus Rune Heradstveit informerte kort om status i helsehusprosjektet. Bl.a. om anbudsprosessen og tildeling av totalentreprisekontrakten til Consto AS på kr 296 mill. eks. mva + kr 10 mill. i fast pris for løns- og prisstigning prosjektet ut. Ein er sjølvsagt godt nøgd med prisen ein har fått, den ligg langt under kalkyle og grensa ein hadde sett for totalentreprisen. Elles:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utbyggingsavtalen vart godkjent av Lindås kommunestyre 13. september ▪ Consto har no fokus på oppstart, detaljprosjektering og å få på plass overordna framdriftsplan ▪ Riving startar i oktober og Consto håpar å koma i gong med graving / sprenging i løpet av november (kontrakten seier estimert byggjestart på tomte er ca 1. desember) ▪ Det er tett dialog / samarbeid med Lindås kommune og infrastrukturprosjektet framover (regulert i utbyggingsavtalen) ▪ Ferdigstilling av kontraktsarbeida er sett til 6. november 2020 <p>Regionrådet sa seg svært godt nøgd med anbudsarbeidet og prisen ein har fått på totalentreprisen.</p> <p>Kontaktutvalet Nordhordlandspakken Rune Heradstveit informerte kort frå kontaktutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kontaktutvalet hadde møte 4. september. Lindås kommune hadde bedt om å få møta utvalet og var av den grunn invitert til møtet ▪ Det er kome inn ny prosjektleiar; Håvard Dyrkolbotn ▪ 11. juli vart første prosjektet i Nordhordlandspakken utlyst, prosjekt fv.564 Undergang Holme ▪ Det vert jobba med ny midlertidig bussterminal og rundkjøring i Knarvik sentrum. Det ser ut til å vera ei god løysing som alle sluttar opp om. <p>Her finn ein informasjon: https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/nordhordlandspakken/bompengeprosjekter</p> <p>Status frå utvala Utvalet for næring og samfunnsutvikling Utvalet har hatt møte med Equinor på Mongstad. Det var eit godt møte der ein fekk gode orienteringar. Bl.a. vart Equinor utfordra på dette med innkjøp og val av lokale leverandørar og det samfunnsansvaret dei har.</p> <p>Helseutvalet Har ikkje hatt møte sidan sist.</p> <p>Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Har ikkje hatt møte sidan sist.</p> <p>Rune Heradstveit viste til at Utval for næring og samfunnsutvikling og Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling, har ein del oppgåver som grenser tett mot kvarandre, ikkje minst innan næring og kunnskap / skule, og at utvala bør vurderer å ha felles møte med jamne mellomrom. NUI og leiarane fylgjer dette opp.</p> <p>Gjensidig informasjon frå Alverkommunane og Randkommunane Kort informasjon frå begge.</p>
Sak 43/18	<p>Aktuelt frå NUI Biosfæresøknaden vart oversendt Miljøverndirektoratet 12. september, dei sender den vidare til Klima- og Miljødepartementet. Frist til Unesco er 30. september.</p>

Sak 44/18	Meldingar og eventuelt
	Praksis med innsyn i digitale kalenderar Jarle Skeidsvoll tok opp spørsmål kring innsyn i digitale kalenderar for ordførarar, rådmenn og andre . Kort runde rundt bordet. Dette er ein ukjent problemstilling for dei fleste, det er derfor heller ingen eintydig praksis blant kommunane.

Knarvik, 5. oktober 2018



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 37/18 Presentasjon Bergen og Hordaland turlag

Sak 40/18 Presentasjon Haraldsplass DS